

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato: 02.05.2019
Tidspunkt: 11:00 – 14.45

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Roald Kvamme	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP, gjekk kl. 14.10
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Aud Karin Oen	Medlem	SV

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marthe Hammer	Aud Karin Oen	SV

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling, stedfortredar for fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Jostein Fjærestad	Direktør eigedom
Mette Nora Sætre	Seksjonsleiar
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Bjarte Brask Eriksen	Seniorrådgjevar
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar
Dianne Kilvær	Spesialkonsulent
Silje Lyngstad	Rådgjevar

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 62/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 63/19	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 64/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 45/19	Rassikringsplan og samling om fylkesvegreform 2020 - Svar på verbalforslag budsjett 2019	2019/10623	
RS 46/19	KS samferdselsnettverk - Svar på oversendingsforslag	2019/10623	
RS 47/19	Spørsmål om raskartlegging av Fv 40 i Kvinnherad	2015/11214	
RS 48/19	Dekkeleggingsprogrammet for 2019	2018/7973	
RS 49/19	Kommunedelplan for Hordfast - Oversendingsforslag frå Miljø- og samferdselsutvalet	2014/15115	
RS 50/19	Utgreiing - Båtforbinding mellom nye Øygarden og Bergen	2017/15772	
RS 51/19	Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018 - 2019 Tildelingsbrev til Innovasjon Norge Hordaland 2019 – kr. 23 440 000 Tilsegn-024-2019	2019/1638	
RS 52/19	Oversikt over tilsegn for næringsutvikling i Hordaland per 31.03.2019	2014/10180	
RS 53/19	Sluttrapport frå Turskiltprosjektet	2018/17462	
RS 54/19	Dei konsoliderte musea i Hordaland - kommunale tilskot 2017 -2018 -2019 - retting	2016/2550	
RS 55/19	Invitasjon til oppstartsmøte med fylkeskommunene - regionreform - drøfting av oppgavedeling på kulturområdet 21. mai	2019/2930	
RS 56/19	Rådets anbefalinger om framtidig organisering og ansvarsdeling på kulturområdet - t.o.	2019/2930	
RS 57/19	Ny stortingsmelding om museum - dialogmøter i regionene - september 2017	2019/623	
RS 58/19	Oversikt over høyringar - fylkesutvalet den 02.05.2019	2018/14422	
RS 59/19	Status for spørsmål og oversendelsesforslag i fylkesutvalet pr. 02.05.2019	2015/10348	
RS 60/19	Årsrapport for 2018	2018/8106	
RS 61/19	Årsmelding 2018 for Hordaland fylkeseldreråd	2018/16480	
RS 62/19	Årsrapport vaksenopplæringa 2018	2019/2965	
RS 63/19	Fylkesutvalet sin rådveldkonto 2019 - oversikt pr. april	2019/10792	
RS 64/19	Kantineavtale Sandsli	2019/10811	
PS 65/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
FO 11/19	Spørsmål frå Kårbø - Krf - Toaletteiningar for bussjåførar	2019/2775	
FO 12/19	Spørsmål nr 1 frå Oen - SV - Office 2016 med nynorsk	2018/16853	
FO 13/19	Spørsmål nr 2 frå Oen - SV - Tidsplan tomt nye Sotra vgs	2018/11696	

PS 66/19	Delegerte saker	
PS 67/19	Ymse	
PS 68/19	Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 2 - 2019	2019/1432
PS 69/19	Fyllingsdalen vgs. - Rehabilitering	2019/1432
PS 70/19	Nasjonal transportplan 2022-33 - Innspel hovudutfordringar	2018/10651
PS 71/19	Oppstart av utgreiingar om ny(e) samferdselspakke/ar på Haugalandet	2015/12620
PS 72/19	Kollektivstrategi for Hordaland - Årsrapport 2018	2014/278
PS 73/19	Bruravik kai - vidare bruk av kaiarealet	2016/35109
PS 74/19	Framlegg til strategi for tilskot: Fornybarsatsing, grøn konkurransekraft og partnerskap og klimarettatiltak. Budsjettpost B-5 i HNH 2019.	2019/2118
PS 75/19	Regional plan for Hardangervidda. Vedtak om høyring og offentleg ettersyn	2014/11266
PS 76/19	Innspel til ny nasjonal bibliotekstrategi 2020 - 2023	2019/10146
PS 77/19	Søknad om arrangementstilskot til Trond Mohn games 2019	2018/12091
PS 78/19	Val av styremedlem til Stiftelsen Bergen kjøtt	2019/9716
PS 79/19	Klimastreik og føring av fråvær i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune	2019/4819
PS 80/19	Tildeling av utfasa PC-ar for 2019	2019/2322
PS 81/19	Ymse tilskot: utlysing av restmidlar	2019/2051
PS 82/19	Årsmelding 2018 - Klagenemnda	2019/2890
PS 83/19	Kantineavtale Sandsli	2019/10811
PS 84/19	Forslag til fråsegn - Forslag til kommunedelplan for Hordfast frå SVV	2014/15115

PS 62/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Pål Kårbø (Krf) gjorde framlegg om at RS 64/19 – Kantineavtale på Sandsli vert sett på saklista som politisk sak.

Røysting

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å setja RS 64/19 på saklista for møtet utan saksførelegg:

- PS 83/19 Kantineavtale Sandsli.

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.
Saklista vart godkjent med endringa over.

PS 63/19 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet sitt møte 28.03.2019 vart godkjent utan merknader.

PS 64/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Vedtak

RS 45/19-RS 63/19 vart refererte.

PS 65/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

FO 11/19 Spørsmål frå Kårbø - Krf - Toaletteiningar for bussjåførar

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Lokasjonane er valt ut og plasseringane er befart i lag med verneombod frå Nettbuss. Kommunikasjon med aktuelle kommunar angåande tillating er i prosess. Det er eit mål at alle 5 toalettvoignene skal vera utplassert innan juli i år.»

FO 12/19 Spørsmål nr 1 frå Oen - SV - Office 2016 med nynorsk

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Hordaland fylkeskommune har innført Office 2016 med nynorsk skriftspråk som standard.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tilsvarende oppsett av Office 2016 som i Hordaland fylkeskommune.»

FO 13/19 Spørsmål nr 2 frå Oen - SV - Tidsplan tomt nye Sotra vgs

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Det vil vera naudsynt å regulera også den alternative tomta ved rådhuset på Straume, og dette er det tatt omsyn til i tidlegare informasjon. Arbeidet med ein ny stor skule på ei tomt som må regulerast tar om lag 5 år inkludert ei byggetid på om lag 2 år. Den nye vidaregåande skulen på Sotra er planlagt ferdig i 2025. HFK vil difor måtte ta ei vurdering om alternativ tomt skal nyttast seinast hausten 2020.»

PS 66/19 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Det var ingen delegerte saker.

PS 67/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Åpen time

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag til uttale til kommunal og moderniseringsdepartementet og kommunalministeren:

«**Forslag til kommunedelplan for Hordfast frå SVV.**

Det vert synt til SVV sitt forslag til statleg kommunedelplan for prosjektet «Hordfast» på E39, som er oversendt kommunaldepartementet for endeleg godkjenning.

Hordaland fylkeskommune sine innspel i høyringa til kommunedelplanen vart handsama i fylkesutvalet sitt møte den 23. februar 2017 og er oversendt SVV.

Fleire av innspela er etter vårt syn ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til i det planforslaget som SVV har oversendt kommunaldepartementet. Dette er punkt som er av vesentleg betydning for det vidare reguleringsarbeidet, finansiering og anna utgreiing som skal gjennomførast i det vidare planarbeidet med prosjektet.

Fylkesutvalet ber om eit møte med kommunalministeren for å belysa desse utfordringane før ein gjer bindande vedtak for det vidare arbeidet.

Høyringsinnspelen følger som vedlegg.»

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandla fråsegna. Saka vert sett på sakslista som ny sak utan saksframlegg.

PS 68/19 Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 2 - 2019

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

.	K.sted	Art	Prosjekt	Tekst	Meir utg./ Mindreinnt.	Mindreutg. / Meirinntekt
10	623.020.00	02320	02176	Bømlø vgs. – Rehabil.	4 800 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab./omb./tilbygg		4 800 000
					4 800 000	4 800 000

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.04.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

.	K.sted	Art	Prosjekt	Tekst	Meir utg./ Mindreinnt.	Mindreutg. / Meirinntekt
10	623.020.00	02320	02176	Bømlø vgs. – Rehabil.	4 800 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab./omb./tilbygg		4 800 000
					4 800 000	4 800 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

.	K.sted	Art	Prosjekt	Tekst	Meir utg./ Mindreinnt.	Mindreutg. / Meirinntekt
10	623.020.00	02320	02176	Bømlo vgs. – Rehabil.	4 800 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab./omb./tilbygg		4 800 000
					4 800 000	4 800 000

PS 69/19 Fyllingsdalen vgs. - Rehabilitering

Forslag til innstilling

- 1 Fylkestinget godkjenner prosjekt med ombygging/rehabilitering av Fyllingsdalen vgs. med ei samla kostnadsramme på 75 million kroner.
- 2 Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	647.020.00	02320	06043	Fyllingsdalen vgs – Rehabilitering / ombygging	26 000 000
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb. / tilbygg	26 000 000
				26 000 000	26 000 000

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.04.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

- 1 Fylkestinget godkjenner prosjekt med ombygging/rehabilitering av Fyllingsdalen vgs. med ei samla kostnadsramme på 75 million kroner.
- 2 Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	647.020.00	02320	06043	Fyllingsdalen vgs – Rehabilitering / ombygging	26 000 000
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb. / tilbygg	26 000 000
				26 000 000	26 000 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner prosjekt med ombygging/rehabilitering av Fyllingsdalen vgs. med ei samla kostnadsramme på 75 million kroner.
2. Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 647.020.00	02320	06043	Fyllingsdalen vgs – Rehabilitering / ombygging	26 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		26 000 000
				26 000 000	26 000 000

PS 70/19 Nasjonal transportplan 2022-33 - Innspel hovudutfordringar

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune prioriterer følgjande område i sitt innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033:

1. Næringsliv og befolkning må kunne sikre sitt mobilitetsbehov med gode og trygge transportformer. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar. Sentrale punkt er:
 - a) I samband med NTP 2022-2033 må det sikrast tilstrekkeleg med midlar for å stoppe og redusere forfallet på riks- og fylkesvegnettet, inkludert tunnellar. Fylkeskommunen må setjast i økonomisk stand til å ivareta vegeigaransvaret på ei god måte, og å ha handlingsrom til å stoppe og å redusere forfallet på fylkesvegnettet. Tunnelsikkerheitsforskrifta er krav som nasjonale myndigheiter har vedteke, og som staten må finansiere.
 - b) Nullvekstmålet i Bergensområdet krev store investeringar i miljøvenlege transportformar. Nasjonal transportplan må difor avklare ei meir berekraftig finansieringsordning der staten tek eit større ansvar for utvikling av nadusynt transportinfrastruktur i storbyane. Byvekstavtalane må vidareutviklast og bidra til å redusere transportmengda og endre transportmiddelfordelinga, i tillegg til å avgrensa arealbruken. Finansieringa av drift av kollektivtrafikk, saman med tiltak for mjuke trafikantar for å nå nullvekstmålet, må sikrast.
 - c) Vestland fylke er eit stort skredfylke. Som følgje av klimaendringane ser vi hyppigare tilfelle med skred og flaum. Det er derfor viktig med ei auka satsing på skredsikring av både riks- og fylkesvegnettet. Alle riks- og fylkesvegar i skredfarekategori høg og middels må sikrast mot skred. Bergensbanen må også sikrast mot skred. Fylkesutvalet ber om at det bli utarbeida ein nasjonal plan for skredsikring i samband med Nasjonal transportplan.
2. Reduksjon av klimagassutslepp innan samferdselsektoren må bli sentralt i Nasjonal transportplan 2022-33. Å ta i bruk ny teknologi eller bidra til utvikling av ny utsleppsfri teknologi er både tidkrevjande og økonomisk utfordrande. Fylkeskommunen har teke store løft innan fornying og elektrifisering av ferjer, og må nå arbeide for låg- og nullutsleppsteknologi for bussar og hurtigbåtar. Satsing på klimagassreducerande tiltak kan derfor gå på kostnad av drift og vedlikehald av fylkesvegnettet eller på tilbodet av kollektivtrafikk. Det er viktig med gode

støtteordningar dersom fylkeskommunen skal bidra til å nå dei nasjonale måla om klimagassreduksjon.

3. Frå 2020 blir Vestland fylke eit stort fylke med lange avstandar og ein krevjande topografi. Regionale statsetatar, høgskule, fylkeskommune, Helse Vest mfl. har behov for god og sikker intern kommunikasjon mellom dei ulike delane av fylket og ikkje minst mot Bergensområdet. Riksvegnettet må byggjast ut og utbetrast, og det må vere eit godt kollektivtilbod. Fylkesvegnettet har ei viktig rolle for innmating av trafikk på riksvegnettet, og riks- og fylkesvegnettet må sjåast i ein samanheng.
4. Nasjonal transportplan må avklare vidare strategi for transportkorridoren sør/nord (ferjefri E39), samt for trygge aust-vest- samband over Langfjella.
5. Stengde riksveggar og dårlege omkøyringsveggar på fylkesvegnettet er mellom anna til hinder for ein effektiv næringstransport. Mange fylkesveggar som er definerte som omkøyringsveg for riksvegnettet har for låg standard til å ta imot den auka trafikken. Dersom desse fylkesvegane framleis skal vere omkøyringsveg for riksvegnettet, må fylkeskommunane settast økonomisk i stand til gjennomføre nødvendige utbetringar.
6. Nasjonal transportplan må avklare samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar og politiske val som utviklinga medfører, og utvikle ein strategi for innfasing og finansiering av ny teknologi. Teknologiskifte vert kostnadsnevnde, og kan ikkje kome til erstatning for oppgradering av infrastruktur og reduksjon i vedlikehaldsetterslepet. Det må bli unngått at sjølvkøyrande bilar bidreg til auka trafikk og auka arealbeslag.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.04.2019

Natalia Golis (MDG) oppmoda om at gruppeleiarane for MDG og Raudt vert invitert til saka om NTP i fylkesutvalet. Utval for miljø og samferdsel støtta dette, og vart samde om å rette slik oppmoding til fylkesordføraren.

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, SV, KrF og Sp fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

Nasjonal Transportplan 2018-2029 har som overordna målsetting å utvikla eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og medverkar til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Vestland fylke har særlege utfordringar innan transportsektoren, desse er til hinder for god og trygg transport for næringsliv og befolkning, for verdiskapinga og gjev klimamessige utfordringar. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar. Arbeidet med rullering av NTP for 2022-2033 må løysa desse utfordringane på ein betre måte enn dei prioriteringane som er gjort i gjeldande plan.

Hordaland fylkeskommune vil i sitt innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033 peika på følgjande områder og utfordringar for transportsektoren i prioritert rekkefølge:

1. Næringsliv og befolkning må kunne sikre sitt mobilitetsbehov med trygge, effektive og klimavenlege transportformer og infrastruktur som byggjer opp om dei overordna målsettingane. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar og jernbanestrekk med høg rasfare.

Sentrale punkt er:

a) Skred og flaum.

Vestland fylke er eit stort skredfylke. Som følgje av klimaendringane ser vi hyppigare tilfelle med skred og flaum. Det er derfor viktig med ei auka satsing på skredsikring av både riks- og fylkesvegnettet. Alle riks- og fylkesveggar og jernbanestrekningar i skredfarekategori høg og middels må sikrast mot skred. Det må bli utarbeida ein nasjonal plan for gjennomføring av skredsikring slik det er foreslått av «nasjonal rassikringsgruppe», og at dette vert innarbeida i Nasjonal transportplan.

Klimaendringane i eit 20-30 års perspektiv er omfattande, også lokalt. Det er derfor avgjerande at det ligg eit oppdatert og samanfatta kunnskapsgrunnlag til grunn for denne utfordringa.

b) Vedlikehald

Vestland fylke har eit dokumentert etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet på 12 milliardar kroner. I samband med NTP 2022-2033 må det sikrast tilstrekkeleg med midlar for å stoppe og redusere forfallet på riks- og fylkesvegnettet, inkludert bruer og tunellar. Fylkeskommunen må setjast i økonomisk stand til å ivareta vegeigaransvaret på ei god måte, og å ha handlingsrom til å stoppe og å redusere forfallet på fylkesvegnettet. Utfordringa er at det manglar ein samla plan for dokumentasjon av etterslep og oppgradering av fylkesvegnettet. Tunnelsikkerheitsforskrifta er krav som nasjonale myndigheiter har vedteke, og som staten må finansiere.

c) Klima og miljø

Reduksjon av klimagassutslepp innan samferdselssektoren må bli sentralt i Nasjonal transportplan 2022-33. Å ta i bruk ny teknologi eller bidra til utvikling av ny utsleppsfri teknologi er både tidkrevjande og økonomisk utfordrande. Fylkeskommunen har teke store løft innan fornying og elektrifisering av ferjer, utbygginga av bybane og må nå arbeida for låg- og nullutsleppsteknologi for bussar og hurtigbåtar. Fylket har eit velutbygd rutenett for passasjertransport med hurtigbåtar som har eit stort potensiale for vidare utvikling med klimavenlege løysingar. Dette er viktige bidrag for å nå dei nasjonale klimamålsettingane. Satsing på klimagassreducerande tiltak må ikkje gå ut over drift og vedlikehald av fylkesvegnettet eller på tilbodet av kollektivtrafikk.

Byvekstavtalane må vidareutviklast og bidra til å redusere transportmengda og endre transportmiddelfordelinga, i tillegg til å avgrensa arealbruken. Dagens ordning for finansiering av avtalen gjennom statleg tilskot og bompengar er ikkje berekraftig og må endrast. «Nullvekstmålet» som er sett for m.a. Bergensområdet vil krevja store investeringar i miljøvenlege transportformer for kollektivtrafikken og tiltak for syklende og gåande. Det må etablerast betre støtteordningar dersom fylkeskommunen skal kunne gjennomføra ytterlegare tiltak.

d) Overføring av gods frå veg til sjø og bane

Den nasjonale målsettinga om overføring av gods frå veg til sjø og bane krev framskunding av naudsynte investeringar i infrastruktur. Dette gjeld opprusting og behovet for innkorting av reisetid på Bergensbana, utbygging av intermodule hamneløysingar og etablering av nytt logistikknutepunkt for Bergensområdet. Framtidige prognoser og planlegging må også ta inn over seg teknologirevolusjonen innan marin skipsfart, som kan endre føresetnadane når det gjeld pris og kapasitet.

e) Trygge skuleveggar

Det er viktig at barn og unge kan ferdast trygt i trafikken og læra gode og miljøvennelege reisevanar tidleg. Derfor bør regjeringa følgja opp intensjonane i barnas transportplan med midlar til trygge skuleveggar og andre tiltak retta mot barn og unge.

2. Frå 2020 blir Vestland fylke eit stort fylke med lange avstandar og ein krevjande topografi. Regionale statsetatar, høgskule, fylkeskommune, Helse Vest mfl. har behov for god og sikker intern kommunikasjon mellom dei ulike delane av fylket og ikkje minst mot Bergensområdet.

Det er framleis lange strek på Riksvegnettet som har høg trafikk, låg standard utan gul stripe og som er svært utsett for ras. Dette gjeld særleg transportkorridorane aust/vest og nord/sør der fleire av fjellovergangane også har for dårleg regularitet om vinteren og store utfordringar knytt til tunnelsikring. Vidare strategi for transportkorridoren sør/nord (ferjefri E39) må ta omsyn til nullvekstmålet i Bergensområdet og løysa utfordringane knytt til høg trafikk og låg vegstandard nordover frå Bergen samt behovet for å leia gjennomgangstrafikken utanom Bergen.

3. Stengde riksvegar og dårlege omkøyingsvegar på fylkesvegnettet er mellom anna til hinder for ein effektiv næringstransport. Mange fylkesvegar som er definerte som omkøyingsveg for riksvegnettet har for låg standard til å ta imot den auka trafikken. Dersom desse fylkesvegane framleis skal vere omkøyingsveg for riksvegnettet, må fylkeskommunane settast økonomisk i stand til gjennomføre nødvendige utbetringar.
4. Høgfarings breiband til alle og full dekning av 5G mobilnett er avgjerande for vekst, utvikling, tryggleik og beredskap. I dagens moderne Norge er full og sikker tilgang til dette for alle, ein like naturleg infrastruktur som elektrisitet og vatn/avløp. Vestland fylkeskommune ventar at Staten sikrar anleggsmidlar som gjer at me får bygd ut denne infrastrukturen i heile fylket innan fem år.
5. Nasjonal transportplan må avklare samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar og politiske val som utviklinga medfører, og utvikle ein strategi for innfasing og finansiering av ny teknologi, som til dømes hydrogen. Teknologiskifte vert kostnadskrevjande, og kan ikkje kome til erstatning for oppgradering av infrastruktur og reduksjon i vedlikehaldsetterslepet. Det må bli unngått at sjølvkøyrande bilar bidreg til auka trafikk og auka arealbeslag.

Auken i el-bilar krev betydelig auke i ladeinfrastruktur i heile fylket. Det er ei utfordring at dagens ladeinfrastruktur for ferjer og skip ikkje er standardisert, og derfor ikkje kan nyttast i stor grad på tvers av fartøy. Det er avgjerande at nettkapasiteten held tritt med denne utviklinga.»

Renate Møgster Klepsvik (FrP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hordaland fylkeskommune prioriterer følgjande område i sitt innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033:

Vestland fylke har særlege utfordringar innan transportsektoren, desse er til hinder for god og trygg transport for næringsliv og befolkning. Dette er til hinder for verdiskaping og gjev klimamessige utfordringar. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar. Sentrale utfordringar er såleis:

1) Rasfare på høgt og middels nivå. På alle vegkategoriar er det i Vestland særleg mange vegar med stor og middels rasfare. Vestland fylke stiller seg derfor fullt bak innstillinga til Nasjonal rassikringsgruppe om kravet for ein 12-årig samla rassikringsplan for riks- og fylkesvegar, denne må verta lagt til inn i NTP 2022-2033. Fylkeskommunen reknar med at denne planen gir om lag halvparten av midlane til Vestland fylke.

2) Midlar for å stoppe og redusere forfallet på riks- og fylkesvegnettet, inkludert tunnellar og bruer. Mykje av vegnettet i Vestland fylke er forelda, forfalle og har stort etterslep på vedlikehald, dekkelegging, rekkverk, g/s-veg mm. Næringslivet peikar på at den store andelen særleg dårleg vegnett i Vestland er til stort hinder for verdiskapinga i fylket.

Fylkeskommunen må gjennom NTP 2022-2033 verta sett i økonomisk stand til å ivareta vegeigaransvaret på ein god måte, og få handlingsrom til å stoppe og å redusere forfallet på fylkesvegnettet. Tunnelsikkerheitsforskrifta er krav som nasjonale myndigheiter har vedteke, og som staten må finansiere.

3) Transportkorridoren nord –sør Kristiansand-Trondheim (ferjefri E39) og trygge aust-vest-samband over Langfjella(E134 og E16) må gjennomført snarast råd.

4) Nullvekstmålet i Bergensområdet krev store investeringar i miljøvenlege transportformar. Nasjonal transportplan må difor avklare ei meir berekraftig finansieringsordning der staten tek eit større ansvar for utvikling av nadusynt transportinfrastruktur i storbyane. Byvekstavgaltane må vidareutviklast og bidra til å redusere transportmengda og endra

transportmiddelfordelinga, i tillegg til å avgrensa arealbruken. Finansieringa av drift av kollektivtrafikk, saman med tiltak for mjuke trafikantar for å nå nullvekstmålet, må

5) Reduksjon av klimagassutslepp innan samferdselsektoren må bli sentralt i Nasjonal transportplan 2022-33. Å ta i bruk ny teknologi eller bidra til utvikling av ny utsleppsfri teknologi er både tidkrevjande og økonomisk utfordrande. Fylkeskommunen har teke store løft innan fornying og elektrifisering av ferjer, og må nå arbeide for låg- og nullutsleppsteknologi for bussar og hurtigbåtar.. Ein må ha statleg finansiering dersom fylkeskommunen skal kunne bidra til å nå dei nasjonale måla om klimagassreduksjon.

6) Høgfarts breiband til alle og full dekning av 5G mobilnett er avgjerande for vekst, utvikling, tryggleik og beredskap. I dagens moderne Norge er full og sikker tilgang til dette for alle, ein like naturleg infrastruktur som elektrisitet og vatn/avløp. Vestland fylkeskommune ventar at Staten sikrar anleggsmidlar som gjer at me får bygd ut denne infrastrukturen i heile fylket innan fem år.

7) Stengde riksvegar og dårlege omkøyringsvegar på fylkesvegnettet er til hinder for ein effektiv næringstransport. Mange fylkesvegar som er definerte som omkøyringsveg for riksvegnettet har for låg standard til å ta imot den auka trafikken. Fylkeskommunane må settast i økonomisk stand til å gjennomføre naudsynte utbetringar dersom desse framleis skal vere omkøyringsveg for riksvegnettet.

8) Nasjonal transportplan må avklare samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar og politiske val som utviklinga medfører. Den må utvikle ein strategi for innfasing og finansiering av ny teknologi. Teknologiskifte vert kostnadskrevjande, og kan ikkje kome til erstatning for oppgradering av infrastruktur og reduksjon i vedlikehaldsetterslepet. Det må bli unngått at sjølvkøyrande bilar bidreg til auka trafikk og auka arealbeslag.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 1 røyst (V) og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 9 røyster (A, SV, Sp, KrF, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Møgster Klepsvik sitt forslag fekk 4 røyster (FrP og H) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

Nasjonal Transportplan 2018-2029 har som overordna målsetting å utvikla eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og medverkar til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Vestland fylke har særlege utfordringar innan transportsektoren, desse er til hinder for god og trygg transport for næringsliv og befolkning, for verdiskapinga og gjev klimamessige utfordringar. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar. Arbeidet med rullering av NTP for 2022-2033 må løysa desse utfordringane på ein betre måte enn dei prioriteringane som er gjort i gjeldande plan.

Hordaland fylkeskommune vil i sitt innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033 peika på følgjande områder og utfordringar for transportsektoren i prioritert rekkefølge:

1. Næringsliv og befolkning må kunne sikre sitt mobilitetsbehov med trygge, effektive og klimavenlege transportformer og infrastruktur som byggjer opp om dei overordna målsettingane. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar og jernbanestrek med høg rasfare.

Sentrale punkt er:

a) Skred og flaum.

Vestland fylke er eit stort skredfylke. Som følgje av klimaendringane ser vi hyppigare tilfelle med skred og flaum. Det er derfor viktig med ei auka satsing på skredsikring av både riks- og fylkesvegnettet. Alle riks- og fylkesvegar og jernbanestrekningar i skredfarekategori høg og middels må sikrast mot skred. Det må bli utarbeida ein nasjonal plan for gjennomføring av skredsikring slik det er foreslått av «nasjonal rassikringsgruppe», og at dette vert innarbeida i Nasjonal transportplan.

Klimaendringane i eit 20-30 års perspektiv er omfattande, også lokalt. Det er derfor avgjerande at det ligg eit oppdatert og samanfatta kunnskapsgrunnlag til grunn for denne utfordringa.

b) Vedlikehald

Vestland fylke har eit dokumentert etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet på 12 milliardar kroner. I samband med NTP 2022-2033 må det sikrast tilstrekkeleg med midlar for å stoppe og redusere forfallet på riks- og fylkesvegnettet, inkludert bruar og tunellar. Fylkeskommunen må setjast i økonomisk stand til å ivareta veigeigaransvaret på ei god måte, og å ha handlingsrom til å stoppe og å redusere forfallet på fylkesvegnettet. Utfordringa er at det manglar ein samla plan for dokumentasjon av etterslep og oppgradering av fylkesvegnettet. Tunnelsikkerheitsforskrifta er krav som nasjonale myndigheiter har vedteke, og som staten må finansiere.

c) Klima og miljø

Reduksjon av klimagassutslepp innan samferdselssektoren må bli sentralt i Nasjonal transportplan 2022-33. Å ta i bruk ny teknologi eller bidra til utvikling av ny utsleppsfri teknologi er både tidkrevjande og økonomisk utfordrande. Fylkeskommunen har teke store løft innan fornying og elektrifisering av ferjer, utbygginga av bybane og må nå arbeida for låg- og nullutsleppsteknologi for bussar og hurtigbåtar. Fylket har eit velutbygd rutenett for passasjertransport med hurtigbåtar som har eit stort potensiale for vidare utvikling med klimavenlege løysingar. Dette er viktige bidrag for å nå dei nasjonale klimamålsettingane. Satsing på klimagassreducerande tiltak må ikkje gå ut over drift og vedlikehald av fylkesvegnettet eller på tilbodet av kollektivtrafikk.

Byvekstavgaltane må vidareutviklast og bidra til å redusere transportmengda og endre transportmiddelfordelinga, i tillegg til å avgrensa arealbruken. Dagens ordning for finansiering av avtalen gjennom statleg tilskot og bompengar er ikkje berekraftig og må endrast. «Nullvekstmålet» som er sett for m.a. Bergensområdet vil krevja store investeringar i miljøvenlege transportformer for kollektivtrafikken og tiltak for syklande og gåande. Det må etablerast betre støtteordningar dersom fylkeskommunen skal kunne gjennomføra ytterlegare tiltak.

d) Overføring av gods frå veg til sjø og bane

Den nasjonale målsettinga om overføring av gods frå veg til sjø og bane krev framskunding av naudsynte investeringar i infrastruktur. Dette gjeld opprusting og behovet for innkorting av reisetid på Bergensbana, utbygging av intermodule hamneløysingar og etablering av nytt logistikknutepunkt for Bergensområdet. Framtidige prognoser og planlegging må også ta inn over seg teknologirevolusjonen innan marin skipsfart, som kan endre føresetnadane når det gjeld pris og kapasitet.

e) Trygge skulevegar

Det er viktig at barn og unge kan ferdast trygt i trafikken og læra gode og miljøvennlige reisevanar tidleg. Derfor bør regjeringa følgja opp intensjonane i barnas transportplan med midlar til trygge skulevegar og andre tiltak retta mot barn og unge.

2. Frå 2020 blir Vestland fylke eit stort fylke med lange avstandar og ein krevjande topografi.

Regionale statsetatar, høgskule, fylkeskommune, Helse Vest mfl. har behov for god og sikker intern kommunikasjon mellom dei ulike delane av fylket og ikkje minst mot Bergensområdet.

Det er framleis lange strek på Riksvegnettet som har høg trafikk, låg standard utan gul stripe og som er svært utsett for ras. Dette gjeld særleg transportkorridorane aust/vest og nord/sør der fleire av fjellovergangane også har for dårleg regularitet om vinteren og store utfordringar knytt til tunnelsikring. Vidare strategi for transportkorridoren sør/nord (ferjefri E39) må ta omsyn til nullvekstmålet i Bergensområdet og løysa utfordringane knytt til høg trafikk og låg vegstandard nordover frå Bergen samt behovet for å leia gjennomgangstrafikken utanom Bergen.

3. Stengde riksvegar og dårlege omkøyingsvegar på fylkesvegnettet er mellom anna til hinder for ein effektiv næringstransport. Mange fylkesvegar som er definerte som omkøyingsveg for riksvegnettet har for låg standard til å ta imot den auka trafikken. Dersom desse fylkesvegane framleis skal vere omkøyingsveg for riksvegnettet, må fylkeskommunane settast økonomisk i stand til gjennomføre nødvendige utbetringar.
4. Høgfarths breiband til alle og full dekning av 5G mobilnett er avgjerande for vekst, utvikling, tryggleik og beredskap. I dagens moderne Norge er full og sikker tilgang til dette for alle, ein like naturleg infrastruktur som elektrisitet og vatn/avløp. Vestland fylkeskommune ventar at Staten sikrar anleggsmidlar som gjer at me får bygd ut denne infrastrukturen i heile fylket innan fem år.
5. Nasjonal transportplan må avklare samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar og politiske val som utviklinga medfører, og utvikle ein strategi for innfasing og finansiering av ny teknologi, som til dømes hydrogen. Teknologiskifte vert kostnadsnevjande, og kan ikkje kome til erstatning for oppgradering av infrastruktur og reduksjon i vedlikehaldsetterslepet. Det må bli unngått at sjølvkøyrande bilar bidreg til auka trafikk og auka arealbeslag.

Auken i el-bilar krev betydelig auke i ladeinfrastruktur i heile fylket. Det er ei utfordring at dagens ladeinfrastruktur for ferjer og skip ikkje er standardisert, og derfor ikkje kan nyttast i stor grad på tvers av fartøy. Det er avgjerande at nettkapasiteten held tritt med denne utviklinga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp, H, A, Sp, Krf og V fram slikt forslag:

Alternativ.

«Pkt.2.

Frå 2020 blir Vestland fylke eit stort fylke med lange avstandar og ein krevjande topografi. Regionale statsetatar, høgskule, fylkeskommune, Helse Vest mfl. har behov for god og sikker intern kommunikasjon mellom dei ulike delane av fylket og ikkje minst mot Bergensområdet.

Det er framleis lange strek på Riksvegnettet som har høg trafikk, låg standard utan gul stripe og som er svært utsett for ras. Dette gjeld særleg transportkorridorane aust/vest og nord/sør der fleire av fjellovergangane også har for dårleg regularitet om vinteren og store utfordringar knytt til tunnelsikring. Fylkesutvalet syner til Hordaland fylkesting sin uttale til Handlingsprogrammet 2018-23 for NTP når det gjeld dei tre Europavegane E16, E39 og E134 i Hordaland.

Vidare strategi for transportkorridoren sør/nord (ferjefri E39) må ta omsyn til utfordringa med reisetid, regularitet og høge kostnader knytt til fjordkryssingane, å leie gjennomgangstrafikken utanom Bergen (nullvekstmålet i Bergensområdet), samt løysa utfordringane knytt til høg trafikk og låg vegstandard nordover frå Bergen.»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Opprettholde innstillinga frå utval for miljø og samferdsel punkt 2, men stryke "(Ferjefri E39)" i punkt 2.»

Pål Kårbø (Krf) sette på vegner av Frp, H, A, Sp, Krf og V fram slikt forslag:

Tillegg (utheva skrift):

Nasjonal Transportplan 2018-2029 har som overordna målsetting å utvikla eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og medverkar til omstilling til lågutsleppssamfunnet. Vestland fylke har særlege utfordringar innan transportsektoren, desse er til hinder for god og trygg transport for næringsliv og befolkning, for verdiskapinga og gjev klimamessige utfordringar. Store delar av fylket er prega av vanskelege

kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar. Arbeidet med rullering av NTP for 2022-2033 må løysa desse utfordringane på ein betre måte enn dei prioriteringane som er gjort i gjeldande plan. **I den samanheng syner fylkesutvalet til Hordaland fylkesting sitt høyringsvedtak des 2017 i saka «Høyring til handlingsprogrammet til NTP»**

Hordaland fylkeskommune vil i sitt innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033 peika på følgjande områder og utfordringar for transportsektoren i prioritert rekkefølge:

Røysting

Innstillinga vart vedteken mot 2 røyster (SV, 1 Krf) for Hammer sitt forslag.

Søviknes sitt forslag vart vedteke med 13 røyster (A, Sp, 1Krf, V, Frp, H) mot ingen røyster for innstillinga pkt.2.

Kårbø sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (SV, 1 Krf).

Vedtak

Nasjonal Transportplan 2018-2029 har som overordna målsetting å utvikla eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og medverkar til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Vestland fylke har særlege utfordringar innan transportsektoren, desse er til hinder for god og trygg transport for næringsliv og befolkning, for verdiskapinga og gjev klimamessige utfordringar. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar. Arbeidet med rullering av NTP for 2022-2033 må løysa desse utfordringane på ein betre måte enn dei prioriteringane som er gjort i gjeldande plan. I den samanheng syner fylkesutvalet til Hordaland fylkesting sitt høyringsvedtak des 2017 i saka «Høyring til handlingsprogrammet til NTP».

Hordaland fylkeskommune vil i sitt innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033 peika på følgjande områder og utfordringar for transportsektoren i prioritert rekkefølge:

1. Næringsliv og befolkning må kunne sikre sitt mobilitetsbehov med trygge, effektive og klimavenlege transportformer og infrastruktur som byggjer opp om dei overordna målsettingane. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar og jernbanestrek med høg rasfare.

Sentrale punkt er:

a) Skred og flaum.

Vestland fylke er eit stort skredfylke. Som følgje av klimaendringane ser vi hyppigare tilfelle med skred og flaum. Det er derfor viktig med ei auka satsing på skredsikring av både riks- og fylkesvegnettet. Alle riks- og fylkesveggar og jernbanestrekningar i skredfarekategori høg og middels må sikrast mot skred. Det må bli utarbeida ein nasjonal plan for gjennomføring av skredsikring slik det er foreslått av «nasjonal rassikringsgruppe», og at dette vert innarbeida i Nasjonal transportplan.

Klimaendringane i eit 20-30 års perspektiv er omfattande, også lokalt. Det er derfor avgjerande at det ligg eit oppdatert og samanfatta kunnskapsgrunnlag til grunn for denne utfordringa.

b) Vedlikehald

Vestland fylke har eit dokumentert etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet på 12 milliardar kroner. I samband med NTP 2022-2033 må det sikrast tilstrekkeleg med midlar for å stoppe og redusere forfallet på riks- og fylkesvegnettet, inkludert bruer og tunellar. Fylkeskommunen må setjast i økonomisk stand til å ivareta vegeigaransvaret på ei god måte, og å ha handlingsrom til å stoppe og å redusere forfallet på fylkesvegnettet. Utfordringa er at det manglar ein samla plan for dokumentasjon av etterslep og oppgradering av fylkesvegnettet. Tunnelsikkerheitsforskrifta er krav som nasjonale myndigheiter har vedteke, og som staten må finansiere.

c) Klima og miljø

Reduksjon av klimagassutslepp innan samferdselssektoren må bli sentralt i Nasjonal transportplan 2022-33. Å ta i bruk ny teknologi eller bidra til utvikling av ny utsleppsfri teknologi er både tidkrevjande og økonomisk utfordrande. Fylkeskommunen har teke store løft innan fornying og elektrifisering av

ferjer, utbygginga av bybane og må nå arbeida for låg- og nullutsleppsteknologi for bussar og hurtigbåtar. Fylket har eit velutbygd rutenett for passasjertransport med hurtigbåtar som har eit stort potensiale for vidare utvikling med klimavenlege løysingar. Dette er viktige bidrag for å nå dei nasjonale klimamålsettingane. Satsing på klimagassreducerande tiltak må ikkje gå ut over drift og vedlikehald av fylkesvegnettet eller på tilbodet av kollektivtrafikk.

Byvekstavtalane må vidareutviklast og bidra til å redusere transportmengda og endre transportmiddelfordelinga, i tillegg til å avgrensa arealbruken. Dagens ordning for finansiering av avtalen gjennom statleg tilskot og bompengar er ikkje berekraftig og må endrast. «Nullvekstmålet» som er sett for m.a. Bergensområdet vil krevja store investeringar i miljøvenlege transportformer for kollektivtrafikken og tiltak for syklende og gåande. Det må etablerast betre støtteordningar dersom fylkeskommunen skal kunne gjennomføra ytterlegare tiltak.

d) Overføring av gods frå veg til sjø og bane

Den nasjonale målsettinga om overføring av gods frå veg til sjø og bane krev framskunding av naudsynte investeringar i infrastruktur. Dette gjeld opprusting og behovet for innkorting av reisetid på Bergensbana, utbygging av intermodule hamneløysingar og etablering av nytt logistikknutepunkt for Bergensområdet. Framtidige prognoser og planlegging må også ta inn over seg teknologirevolusjonen innan marin skipsfart, som kan endre føresetnadane når det gjeld pris og kapasitet.

e) Trygge skuleveggar

Det er viktig at barn og unge kan ferdast trygt i trafikken og læra gode og miljøvennlige reisevanar tidleg. Derfor bør regjeringa følgja opp intensjonane i barnas transportplan med midlar til trygge skuleveggar og andre tiltak retta mot barn og unge.

2. Frå 2020 blir Vestland fylke eit stort fylke med lange avstandar og ein krevjande topografi. Regionale statsetatar, høgskule, fylkeskommune, Helse Vest mfl. har behov for god og sikker intern kommunikasjon mellom dei ulike delane av fylket og ikkje minst mot Bergensområdet.

Det er framleis lange strek på Riksvegnettet som har høg trafikk, låg standard utan gul stripe og som er svært utsett for ras. Dette gjeld særleg transportkorridorane aust/vest og nord/sør der fleire av fjellovergane også har for dårleg regularitet om vinteren og store utfordringar knytt til tunnelsikring. Fylkesutvalet syner til Hordaland fylkesting sin uttale til Handlingsprogrammet 2018-23 for NTP når det gjeld dei tre Europavegane E16, E39 og E134 i Hordaland.

Vidare strategi for transportkorridoren sør/nord (ferjefri E39) må ta omsyn til utfordringa med reisetid, regularitet og høge kostnader knytt til fjordkryssingane, å leie gjennomgangstrafikken utanom Bergen (nullvekstmålet i Bergensområdet), samt løysa utfordringane knytt til høg trafikk og låg vegstandard nordover frå Bergen.

3. Stengde riksveggar og dårlege omkøyringsveggar på fylkesvegnettet er mellom anna til hinder for ein effektiv næringstransport. Mange fylkesveggar som er definerte som omkøyringsveg for riksvegnettet har for låg standard til å ta imot den auka trafikken. Dersom desse fylkesvegane framleis skal vere omkøyringsveg for riksvegnettet, må fylkeskommunane settast økonomisk i stand til gjennomføre nødvendige utbetringar.
4. Høgfarts breiband til alle og full dekning av 5G mobilnett er avgjerande for vekst, utvikling, tryggleik og beredskap. I dagens moderne Norge er full og sikker tilgang til dette for alle, ein like naturleg infrastruktur som elektrisitet og vatn/avløp. Vestland fylkeskommune ventar at Staten sikrar anleggsmidlar som gjer at me får bygd ut denne infrastrukturen i heile fylket innan fem år.
5. Nasjonal transportplan må avklare samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar og politiske val som utviklinga medfører, og utvikle ein strategi for innfasing og finansiering av ny teknologi, som til dømes hydrogen. Teknologiskifte vert kostnadsnevjande, og kan ikkje kome til erstatning for oppgradering av infrastruktur og reduksjon i vedlikehaldsetterslepet. Det må bli unngått at sjølvkøyrande bilar bidreg til auka trafikk og auka arealbeslag.

Auken i el-bilar krev betydelig auke i ladeinfrastruktur i heile fylket. Det er ei utfordring at dagens ladeinfrastruktur for ferjer og skip ikkje er standardisert, og derfor ikkje kan nyttast i stor grad på tvers av fartøy. Det er avgjerande at nettkapasiteten held tritt med denne utviklinga.

PS 71/19 Oppstart av utgreiingar om ny(e) samferdselspakke/ar på Haugalandet

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune kommune sluttar seg til at kommunane, fylkeskommunane og Statens vegvesen startar arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselspakka(r) på Haugalandet som skal løyse samferdselsutfordringar i kommunane.
2. Vidare brukarbetaling på Haugalandet etter at Haugalandspakken er avslutta i 2023 blir fremja i ein by- og tettstadspakke, samt eigne strekningsvise pakkar for aktuelle strekningar på E134, E39 og Fv.47.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.04.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at kommunane, fylkeskommunane og Statens vegvesen startar arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselspakka(r) på Haugalandet som skal løyse samferdselsutfordringar i kommunane.
2. Vidare brukarbetaling på Haugalandet etter at Haugalandspakken er avslutta i 2023 blir fremja i ein by- og tettstadspakke, samt eigne strekningsvise pakkar for aktuelle strekningar på E134, E39 og Fv.47.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Synnøve Solbakken (A) stilte spørsmål om inhabilitet då ho sit som medlem i styringsgruppa for Haugalandspakken.

Solbakken gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Synnøve Solbakken ikkje var inhabil.

Synnøve Solbakken tiltredde saksbehandlinga.

Røysting

Innstillinga pkt. 1 vart samrøystes vedteken.
Innstillinga pkt. 2. fekk 2 røyster (V,Sp) og fall.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at kommunane, fylkeskommunane og Statens vegvesen startar arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselspakka(r) på Haugalandet som skal løyse samferdselsutfordringar i kommunane.

PS 72/19 Kollektivstrategi for Hordaland - Årsrapport 2018

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland – årsrapport 2018 til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.04.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland – årsrapport 2018 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland – årsrapport 2018 til orientering.

PS 73/19 Bruravik kai - vidare bruk av kaiarealet

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner at fylkesrådmannen får fullmakt til å leiga ut eller selja Bruravik kai. Dersom ein ikkje vert samd om avtale med AkvaTotal AS, kan fylkesrådmannen gå vidare til dei andre interessentane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Pål Kårbø (Krf) sette fram slikt utsetjingsforslag:

«Framlegg til utsetjing.

Gjennom media er det vore omtala at Norled har søkt om å opprette fergerute på gamle Brimnes- Bruravik.

Utan å ta stilling til realitetane i den søknaden så bed underteikna om at denne saka vert utsett til fylkeskommunen har handsama søknaden frå Norled.»

Røysting (til utsetjing)

Kårbø sitt forslag fekk 12 røyster (A, Sp, Krf, SV, H) og vart vedteke.

Vedtak

Gjennom media er det vore omtala at Norled har søkt om å opprette fergerute på gamle Brimnes- Bruravik.

Utan å ta stilling til realitetane i den søknaden så bed underteikna om at denne saka vert utsett til fylkeskommunen har handsama søknaden frå Norled.

PS 74/19 Framlegg til strategi for tilskot: Fornybarsatsing, grøn konkurransekraft og partnerskap og klimaretta tiltak. Budsjettpost B-5 i HNH 2019.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar framlagt forslag til Strategi for grøn konkurransekraft i Hordaland 2019.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtar framlagt forslag til Strategi for grøn konkurransekraft i Hordaland 2019.

PS 75/19 Regional plan for Hardangervidda. Vedtak om høyring og offentleg ettersyn

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 høyring og offentleg ettersyn av forslag til Regional plan for Hardangervidda.
2. Hardangerviddarådet/styringsgruppa for planarbeidet skal drøfte og anbefale endringar i planen med bakgrunn i høyringsinnspela før planen vert lagt fram til fylkesutval og fylkesting for slutthandsaming.
3. Det vert føresett likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og i Buskerud fylkeskommune.

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.04.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 høyring og offentleg ettersyn av forslag til Regional plan for Hardangervidda.
2. Hardangerviddarådet/styringsgruppa for planarbeidet skal drøfte og anbefale endringar i planen med bakgrunn i høyringsinnspela før planen vert lagt fram til fylkesutval og fylkesting for slutthandsaming.
3. Det vert føresett likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og i Buskerud fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 høyring og offentleg ettersyn av forslag til Regional plan for Hardangervidda.
2. Hardangerviddarådet/styringsgruppa for planarbeidet skal drøfte og anbefale endringar i planen med bakgrunn i høyringsinnspela før planen vert lagt fram til fylkesutval og fylkesting for slutthandsaming.
3. Det vert føresett likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og i Buskerud fylkeskommune.

PS 76/19 Innspel til ny nasjonal bibliotekstrategi 2020 - 2023

Forslag til vedtak

1. Ein ny nasjonal bibliotekstrategi må vere i samsvar med intensjonane i regionreforma og gje tydelege signal om korleis samhandling mellom stat og fylkeskommunar skal ivaretakast i strategiperioden.
2. Kulturpolitiske mål blir betre nådd ved å sjå verkemidlar og tiltak på statlig, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng
3. Bibliotekfeltet vil bli styrka gjennom ein utviklingspolitikk som erkjenner at by og land inngår i eit samspel. Ein nasjonal bibliotekstrategi bør bidra til å forsterke koplinga.

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.04.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

1. Ein ny nasjonal bibliotekstrategi må vere i samsvar med intensjonane i regionreforma og gje tydelege signal om korleis samhandling mellom stat og fylkeskommunar skal ivaretakast i strategiperioden.
2. Kulturpolitiske mål blir betre nådd ved å sjå verkemidlar og tiltak på statlig, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng
3. Bibliotekfeltet vil bli styrka gjennom ein utviklingspolitikk som erkjenner at by og land inngår i eit samspel. Ein nasjonal bibliotekstrategi bør bidra til å forsterke koplinga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Ein ny nasjonal bibliotekstrategi må vere i samsvar med intensjonane i regionreforma og gje tydelege signal om korleis samhandling mellom stat og fylkeskommunar skal ivaretakast i strategiperioden.
2. Kulturpolitiske mål blir betre nådd ved å sjå verkemidlar og tiltak på statlig, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng
3. Bibliotekfeltet vil bli styrka gjennom ein utviklingspolitikk som erkjenner at by og land inngår i eit samspel. Ein nasjonal bibliotekstrategi bør bidra til å forsterke koplinga.

PS 77/19 Søknad om arrangementstilskot til Trond Mohn games 2019

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver **kr 25.000,-** til gjennomføringa av Trond Mohn Games 2019. Tilskot vert tildelt frå Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto. Budsjettet vert endra slik:

Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto 10.720.200.00.14900 går ned med kr 25.000,-.

Konto for idrettsarrangement 10.400.410.00.14700 aukar med kr 25.000,-.

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.04.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet løyver **kr 25.000,-** til gjennomføringa av Trond Mohn Games 2019. Tilskot vert tildelt frå Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto. Budsjettet vert endra slik:
Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto 10.720.200.00.14900 går ned med kr 25.000,-.
Konto for idrettsarrangement 10.400.410.00.14700 aukar med kr 25.000,-.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 25.000,- til gjennomføringa av Trond Mohn Games 2019. Tilskot vert tildelt frå Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto. Budsjettet vert endra slik:
Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto 10.720.200.00.14900 går ned med kr 25.000,-.
Konto for idrettsarrangement 10.400.410.00.14700 aukar med kr 25.000

PS 78/19 Val av styremedlem til Stiftelsen Bergen kjøtt

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet nemner opp.....som representant til styret for Stiftinga Bergen Kjøtt.
2. Fylkesutvalet nemner opp.....som vararepresentant til styret for Stiftinga Bergen Kjøtt.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

«Representant: Sara Hamre Sekkingstad.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Vararepresentant: Natalia Golis.»

Røysting

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet nemner opp Sara Hamre Sekkingstad som representant til styret for Stiftinga Bergen Kjøtt.
2. Fylkesutvalet nemner opp Natalia Golis som vararepresentant til styret for Stiftinga Bergen Kjøtt.

PS 79/19 Klimastreik og føring av frávær i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tek til vitande at det nasjonale regelverket for føring av frávær i vidaregåande opplæring ikkje gjev rom for eit generelt fritak for frávær i samband med klimaaksjonen 22. mars 2019.
2. Den einskilde skule ved rektor har høve til å vurdere om enkeltelevar har hatt ei rolle i klimaaksjonen som kan gje grunnlag for fritak for føring av frávær etter Forskrift til opplæringslova § 3-47.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

«Dokumentert politisk arbeid kan unntas frå fraværsgrensen og frå føring på vitnemålet etter forskrift til opplæringsloven §3-47 jf. §3-3. Elevar som deltok i klimastreik 14. og 22. mars skal ikkje få ugyldig frávær.»

Røysting

Hammer sitt forslag fekk 7 røyster (A, SV, 1Krf) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 8 røyster (Sp, 1Krf, V, Frp, H) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek til vitande at det nasjonale regelverket for føring av frávær i vidaregåande opplæring ikkje gjev rom for eit generelt fritak for frávær i samband med klimaaksjonen 22. mars 2019.
2. Den einskilde skule ved rektor har høve til å vurdere om enkeltelevar har hatt ei rolle i klimaaksjonen som kan gje grunnlag for fritak for føring av frávær etter Forskrift til opplæringslova § 3-47.

PS 80/19 Tildeling av utfasa PC-ar for 2019

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at følgjande organisasjonar vert tildelt PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune i 2017:

Namn på søkjar	PC-ar
Usama Ismael	-
Saleh Khoshi	-
Children of Zululand	10
Ytre Arna Sanitetsforening	-
Rosslund skulekorps	-
Aleneforeldreforeningen i Bergen	-
Hordaland krins av Norges speiderforbund	-
Redd Barna Osterøy	-
Kalandseid IL fotball	-
Bergen og omegn lokallag av Norges Fibromyalgi Forbund	-

Hetlevik Speiderne	-
Nye Hetlevikalliansen/Kulturfabrikken	-
My Sisters Women`s Welfare Association	10
Funksjonshemmedes Informasjonssenter	-
Landsforeningen Mot Fordøyelsessykdommer, avdeling Hordaland	-
U-landsforeningen Svalene	6
Autismeforeningen	-
Norsk Revmatikerforbund Hordaland	-
JOY Aserbadsjan	10
Holy Trinity Peace Village, Kuron, Sør Sudan	6
Salhus Mjølkeråen sanitetsforening	-
1 datamaskin for feltarbeidet i Uganda, Jovita Amurwon	-
FFO Bjørnafjorden	-
Osterøy intergrering og læringscenter	-
Blue World	-

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Stedfortredar for fylkesrådmannen opplyste at det var feil i forslag til vedtak som var sendt ut med innkallinga.

Korrekt forslag til vedtak:

Fylkesutvalet vedtek at følgjande organisasjonar vert tildelt PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune i 2019:

Namn på søkjar	PC-ar
Usama Ismael	-
Saleh Khoshi	-
Children of Zululand	10
Ytre Arna Sanitetsforening	-
Rosslund skulekorps	-
Aleneforeldreforeningen i Bergen	-
Hordaland krins av Norges speiderforbund	-
Redd Barna Osterøy	-
Kalandseid IL fotball	-
Bergen og omegn lokallag av Norges Fibromyalgi Forbund	-
Hetlevik Speiderne	-
Nye Hetlevikalliansen/Kulturfabrikken	-
My Sisters Women`s Welfare Association	14
Funksjonshemmedes Informasjonssenter	-
Landsforeningen Mot Fordøyelsessykdommer, avdeling Hordaland	-
U-landsforeningen Svalene	6
Autismeforeningen	-
Norsk Revmatikerforbund Hordaland	-
JOY Aserbadsjan	14

Holy Trinity Peace Village, Kuron, Sør Sudan	6
Salhus Mjølkeråen sanitetsforening	-
1 datamaskin for feltarbeidet i Uganda, Jovita Amurwon	-
FFO Bjørnafjorden	-
Osterøy intergrering og læringscenter	-
Blue World	-

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek at følgjande organisasjonar vert tildelt PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune i 2019:

Namn på søkjar	PC-ar
Usama Ismael	-
Saleh Khoshi	-
Children of Zululand	10
Ytre Arna Sanitetsforening	-
Rosslund skulekorps	-
Aleneforeldreforeningen i Bergen	-
Hordaland krins av Norges speiderforbund	-
Redd Barna Osterøy	-
Kalandseid IL fotball	-
Bergen og omegn lokallag av Norges Fibromyalgi Forbund	-
Hetlevik Speiderne	-
Nye Hetlevikalliansen/Kulturfabrikken	-
My Sisters Women`s Welfare Association	14
Funksjonshemmedes Informasjonssenter	-
Landsforeningen Mot Fordøyelsessykdommer, avdeling Hordaland	-
U-landsforeningen Svalene	6
Autismeforeningen	-
Norsk Revmatikerforbund Hordaland	-
JOY Aserbadsjan	14
Holy Trinity Peace Village, Kuron, Sør Sudan	6
Salhus Mjølkeråen sanitetsforening	-
1 datamaskin for feltarbeidet i Uganda, Jovita Amurwon	-
FFO Bjørnafjorden	-
Osterøy intergrering og læringscenter	-
Blue World	-

PS 81/19 Ymse tilskot: utlysing av restmidlar

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek følgjande tildeling av midlane i restsummen innanfor budsjettamma for ymse tilskot for 2019. Søkjarar som ikkje får tilskot, får avslag.

Søkjær/prosjekt	Tilskot
Pensjonistforbundet Hordaland	20 000
FRI Bergen og Hordaland	300 000
ME-foreningen i Hordaland	10 000
Norsk Forening for Slagrammede Bergen og omegn	10 000
Norsk Folkehjelp Sunnhordland	25 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

Tillegg.

«Fløen vel får innvilga 100 000, dekkav Fylkesutvalet sin rådveldekonto.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke. Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek følgjande tildeling av midlane i restsummen innanfor budsjettamma for ymse tilskot for 2019. Søkjærar som ikkje får tilskot, får avslag.

Søkjær/prosjekt	Tilskot
Pensjonistforbundet Hordaland	20 000
FRI Bergen og Hordaland	300 000
ME-foreningen i Hordaland	10 000
Norsk Forening for Slagrammede Bergen og omegn	10 000
Norsk Folkehjelp Sunnhordland	25 000

PS 82/19 Årsmelding 2018 - Klagenemnda

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding 2018 for klagenemnda til orientering.

Saksprotokoll i klagenemnda - 02.04.2019

Røysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding 2018 for klagenemnda til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget.

Fylkestinget tek Årsmelding 2018 for klagenemnda til orientering.

PS 83/19 Kantineavtale Sandsli

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Fylkesutvalet sette sak RS 64/19 Kantineavtale Sandsli på sakskartet som politisk sak utan saksførelegg.

Roald Kvamme (A) stilte spørsmål om han var inhabilitet fordi han er styremedlem i Beredt AS. Kvamme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Roald Kvamme var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Roald Kvamme gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ 1 – Reservert kontrakt vert valt for Kantineavtale Sandsli.»

Røysting

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Alternativ 1 – Reservert kontrakt vert valt for Kantineavtale Sandsli.

PS 84/19 Forslag til fråsegn - Forslag til kommunedelplan for Hordfast frå SVV

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Fylkesutvalet sette forslag til fråsegn på sakskartet som politisk sak utan saksførelegg.

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag til uttale til kommunal og moderniseringsdepartementet og kommunalministeren:

«Forslag til kommunedelplan for Hordfast frå SVV.

Det vert synt til SVV sitt forslag til statleg kommunedelplan for prosjektet «Hordfast» på E39, som er oversendt kommunaldepartementet for endeleg godkjenning.

Hordaland fylkeskommune sine innspel i høyringa til kommunedelplanen vart handsama i fylkesutvalet sitt møte den 23. februar 2017 og er oversendt SVV.

Fleire av innspela er etter vårt syn ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til i det planforslaget som SVV har oversendt kommunaldepartementet. Dette er punkt som er av vesentleg betydning for det vidare reguleringsarbeidet, finansiering og anna utgreiing som skal gjennomførast i det vidare planarbeidet med prosjektet.

Fylkesutvalet ber om eit møte med kommunalministeren for å belysa desse utfordringane før ein gjer bindande vedtak for det vidare arbeidet.

Høyringsinnspelet følger som vedlegg.»

Røysting

Kvamme sitt forslag vart vedteke med 10 røyster (A, Sp, Krf, SV, V).

Vedtak

Forslag til kommunedelplan for Hordfast frå SVV.

Det vert synt til SVV sitt forslag til statleg kommunedelplan for prosjektet «Hordfast» på E39, som er oversendt kommunaldepartementet for endeleg godkjenning.

Hordaland fylkeskommune sine innspel i høringa til kommunedelplanen vart handsama i fylkesutvalet sitt møte den 23. februar 2017 og er oversendt SVV.

Fleire av innspela er etter vårt syn ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til i det planforslaget som SVV har oversendt kommunaldepartementet. Dette er punkt som er av vesentleg betydning for det vidare reguleringsarbeidet, finansiering og anna utgreiing som skal gjennomførast i det vidare planarbeidet med prosjektet.

Fylkesutvalet ber om eit møte med kommunalministeren for å belysa desse utfordringane før ein gjer bindande vedtak for det vidare arbeidet.

Høyringsinnspelet følger som vedlegg.